



KOMLEKØ: Det var kø framfor serveringsbordet. F.v. Torhild Tveitstul Jensen, Åse Skorpen og Berner Sæløen. Bak: Svein Skorpen og Bernhard Skjolde.

– Komler kan ein leva utan, men for eit liv det kan vera

Det er måltidet som står i høgsetet når Tysnes Komlelag har sine faste samkomer. På komlefesten i Grendatun var det og plass til føredrag om den nye Oselvarboka.

Tysnes Komlelag KF er eit lukka lag fullt av skjemt og lite alvor. I førarsetet sit den einaste presidenten i Tysnes. For tida er det Olav Skjellevik som er vald til dette ærefulle vervet.

For tredje gong

Det var Kulturdirektør Emeritus i komlelaget, Mikal Heldal, som ynskte komlelagsmedlemer og påmelde gjester velkomne til komlefest i Grendatun torsdag 10. november. I si tid var det den same Heldal som var idemakaren til det lite alvorsprega Tysnes Komlelag.

Komlelag vart det. Det har allereie eksistert i mange år. Tradisjonen med komlefest i Grendatun er langt yngre. I år var det tredje året denne festen gjekk av stabelen, med Tysnes folkeakademi og Tysnes elderråd som medarrangørar.

På komlefestane i Grendatun er det ikkje berre skjemt og komler som står i høgsetet. Då er det og tradisjon med eit kulturhistorisk innslag. I år var det utflytta tysnesing Kjell Magnus Økland som stod for den programposten. Han fortalde om oselvaren og om den nye boka «Oselvar» som han har ført i pennen og som han no er ute på marknaden med.

Ordføraren var æresgjest

På komlelaget sine faste samkomer, den fyrste torsdagen i alle månader med «r», er det normalt berre faste medlemer i laget som får høve til å delta. Då er det samling på

Mandelhuset. Måltidet er alltid av det eksklusive slaget, med komler og røykt kjøt, vossakurv og fleskefeitt, og kulturmjølk til.

– Tysnes Komlelag har som målsetjing å ta vare på potene, og me gjer vårt for det, fortalde komlepresidenten i velkomsthelsinga si til forsamlinga i Grendatun.

I ekte komlepresidentstil fortalde han også om den eksklusiviteten det er å få vera medlem av Tysnes Komlelag KF.

– Det er mange som ynskjer medlemsskap, men ventelistene er lange, veeldig lange, informerte komlepresidenten. Æresgjest på komlefesten, ordførar Kåre Martin Kleppe, hausta stor applaus då han fortalde festdeltakarane om at komlelaget hadde lært han å lika komler.

– I ei tid med dystre meldingar frå omverda, er eg fascinert over komlelaget og den uhøg-

tidlege stemninga som laget klarar å skapa, og at menneske kan koma saman for å samla seg om noko så uhøgtidleg som komler. Det er stas at Tysnes har eit lag som Tysnes Komlelag, kommenterte ordføraren med glimt i auga.

Eigen komlesong

Eit eksklusivt lag med ein president som hærførar må sjølv sagt ha sin eigen song. Ingen komlefest utan denne songen. Slik var det også i Grendatun der songen vart høglydt framført, denne gongen berre på norsk, før Hanne og Kaare M. Malkenes kunne setja fram det eine store komlefatet etter det andre. Køen var lang, og folk kunne forsyna seg både ein og fleire gonger. Etter matøkta hausta det stor ære til dei to kokkane for eit velsmakande måltid.

Mellom 60 og 70 personar hadde benka seg kring små-

borda i Grendatun. Ved eitt av borda er Flatråkerbygda godt representert.

– Me er medlemer av komlelaget alle fire, fortel Margrete Kaastad, som har teke turen til Grendatun saman med mannen Olav og Anna Sofie og Endre Epland.

– Komlelaget er kjempegreier. Det er veldig kjekt med slike sosiale samankomstar, seier Endre Epland.

Kona Anna Sofie er heilt einig. Og legg til, med glimt i auga, at det er kjekt å sleppa å laga middag sjølv også.

– Og så var komlene veldig gode, seier Endre, og dei andre nikkar samtykkjande.

Glimt frå oselvar-boka

Kjell Magnus Økland har gått grundig til verks i bokprosjektet om oselvaren. Dermed vart det eit stort og fyldig bokverk. I tolv år har han jobba med prosjektet.



PRESIDENT OG ORDFØRER: Komlepresident Olav Skjellevik og æresgjest for dagen, ordfører Kåre Martin Kleppe.



PÅ KOMLEFEST: F.v. Olav Kaastad, Margrete Kaastad, Endre Epland og Anna Sofie Epland.



OSELVAR-FORTELJAR: Kjell Magnus Økland, forfatter av den nye boka om oselvaren, fortalte om båten og materialar som blir brukt. Her viser at bilete av korleis tømmerstokken blir utnytta til ulike båtdelar.

– Arbeidet har teke litt lenger tid enn fyrst tenkt, fortalde han til komlefestdeltakarane.

– Boka er 2,7 kilo tung. Så då kan me vel seia at eg har skrive eit par hekto i året, la han smilande til.

I Grendatun drog Økland fram fleire interessante tema frå boka, der han fortalde og viste bilete.

Me fekk høyra om utviklinga frå den tida då denne typar båtar var bruksbåtar for fiskarbonden fram til i dag der oselvaren blir brukt som fritidsbåt og kappseglarbåt. Me fekk grundig informasjon om detaljar om oselvaren, og om historie og den delen av Tysnessoga der Godøysund var sentral eksportplass for tømmer.

Ein ekstra spiss på soga til oselvaren er roopplæringa av soldatar i US Army – med ein oselvar.

– Mitt mål er at oselvaren er framifrå til nær-sjøen-opplevingar, anten med grillmat med på turen eller for å prøva fiskelukka, antyda Økland.

Komler i staden for taco

Leiar i eldrerådet i Tysnes, Freddy Jensen, takka både for mat og for tradisjonen med komlefest i Grendatun.

– Komler kan ein leva utan, men for eit liv det kan vera, la han til, til stor applaus frå salen.

Jensen minna elles om at «mjølbollar kokt i suppe» skal vera ein kost som vart brukt allereie på 1600-talet.

– Elles har eg lese på Facebook at ungdomar no kosar seg med komler i staden for taco, la han til, også det til glede hjå komleelskarane i salen.

OLE SKATEN
ole@tysnesbladet.no



TYSNESING I BANDET: Vamp skal spela på Solstråleøya neste sommar. Frå venstre: Lars Eirik Støle, Kjetil Dalland frå Tysnes, Jan Toft, Øyvind Staveland, Bjørn Berge og Odin Staveland. Foto: Tysnesfest.

Vamp gjestar Tysnesfest igjen

– Denne gongen har me invitert dei til magiske og historiske Solstråleøya, skriv festivalen i ei pressemelding.

– Vamp har i alle år vore eit populært band i regionen, og me er spesielt stolte over at bassisten i bandet heiter Kjetil Dalland og er vaskeekte tysnesing, skriv Tysnesfest.

Haugesundbandet Vamp, som sist vitja Tysnesfest i 2013, har i mange år vore eit av Noregs beste liveband.

Tur med hurtigbåt inkludert

– Me har i mange år prøvd å få Vamp til å koma til Tysnes igjen, men det har dei siste åra ikkje passa med feriar og turneplanar. No har det endeleg blitt full klaff, og når me i tillegg klarte å

landa avtalen om at dei skal spela på Solstråleøya, har alle åra med venting vore verdt det. Øya vil danna ei perfekt ramme rundt konserten, skriv Tysnesfest.

Billetter kjem i sal fredag 18. november. Det er leigd inn hurtigbåt som skal gå fire turar ut og fire turar tilbake frå Solstråleøya.

– Reisa med denne er inkludert i billetten. Me har og lagt opp til sal av mat og drikkeservering. For å hindra forsøpling av øya, har me bestilt inn 700 hardplastglas med logo, skriv festivalen og oppmodar alle om å ta dette med seg heim som eit minne.

Tretti konsertar

Vamp er denne hausten ute på turne med 30 konsertar

rundt om i landet. Med seg på turneen har dei det nye albumet «Populas», som blei slept i slutten av september.

Vamp har eksistert i 25 år. Dei har gitt ut 13 album og har fått ei rekke priser, mellom anna fem Spellemannsprisar, Prøyssenprisen, Gamlempriisen og Rogaland fylke sin bragdpris. Dei har til saman selt godt over ein million plater og den mest kjente låten «Tir n'a Noir» er spelt over sju millionar gongar på Spotify.

KRISTINE NÆSS THORSEN
kristine@tysnesbladet.no

Jåttlaget på maritim museumskveld

Kjell A. Lunde, Knut Arne Grøteide og Hans Ole Dalland frå Venelaget for jåttseglarane har vore på Stord og representert laget under eit arrangement i lokala til Stord Maritime Museum. Venelaget var invitert for å fortelja om jåttseglarane.

Også blant tilhøyrarane var det tysnesingar å sjå.

– Det maritime museet på Stord driv svært godt og har ei utruleg flott, stor, innholdsrik og variert samling, fortel Hans Ole Dalland til «Tysnes».

– Ein fast gjeng møtest regelmessig og har gjennom mange år utført eit strålende dugnadsarbeid. Nokre gonger i året har laget medlemsmøte og temakvelder, der det også er ope for andre interesserte å vera med, fortel Dalland.

Det var ein slik kveld Venelaget var invitert til, og



INFORMERTE OM JÅTTSEGLARANE: Knut Arne Grøteide i aksjon. Til høgre for Hans Ole Dalland sit Gunnar Bjørk, som var leiar for arrangementet. (Foto: Venelaget)

dei vel 60 frammøtte synte god interesse for det dei fekk høyra og sjå: Om bakgrunnen for Venelaget. Om korleis tysnesingane kom med i amerikansk seglsport, og

livet som jåttseglar. Og dei fekk ei god innføring i ulike regattaer, America's Cup og ulike båttypar.